

AS Sævareid Fiskeanlegg

5645 SÆVAREID

Vår dato: 02.12.2019

Vår ref.: 201911715-2

Arkiv: 311

Dykkar dato: 11.10.2019

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Bård Andreas Selstad Ottesen

22959528 / baso@nve.no

NVE si vurdering av utviding av produksjonen innanfor gjeldande vassdragskonsesjon ved AS Sævareid Fiskeanlegg

NVE viser til brev av 11.10.2019, der de ber NVE vurdere om utviding ved AS Sævareid Fiskeanlegg sin lokalitet Sævareid kan skje innanfor eksisterande vassdragskonsesjon.

Bakgrunn

AS Sævareid Fiskeanlegg ønsker å flytte produksjonen ved sin merdbaserte settefisklokalitet 10146 Berlandstveit i Skogseidvatnet til settefiskanlegget på lokalitet 10141 Sævareid med reinsa utslepp til sjø.

Anlegget ved Sævareid med konsesjonane HFS0015 og HFS0018, har konsesjon for produksjon av 20 mill. sjøklar settefisk av laks og aure med maksimalt årlig fôrbruk på 4.300 tonn og maksimal samla biomasse på inntil 4.300 tonn. Lokaliteten Berlandstveit med HFS0024 har ei ramme på produksjon av 715.000 stk. smolt med eit årlig fôrbruk på 70 tonn.

AS Sævareid Fiskeanlegg opplyser at flytting av produksjonen vil gi betydelege fordelar for miljøet ved reduksjon i tilførsler til sårbare innsjø-økosystem og ein marginal auke på 1,6 % i produksjon ved anlegget som har reinsa avløp til ein betre resipient i sjø.

AS Sævareid Fiskeanlegg har konsesjon frå 25. november 2010 for uttak av vatn på inntil 300 m³/min og regulering av Henangervatnet med 1,5 m mellom kotene 10,87 og 12,37 moh.

Anlegget har i dag tre einingar for produksjon av smolt:

- 1) Gjennomstrømningsdel etablert i 1996
- 2) Ny gjennomstrømningsdel med CO²-lufting etablert i 2010
- 3) Ny resirkuleringsdel etablert i 2017

AS Sævareid Fiskeanlegg ventar ikkje at den omsøkte auken i produksjon vil gi auka uttak av vatn utover gjeldande konsesjon frå 2010.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

NVE si vurdering

På bakgrunn av at utvidinga skal skje innanfor rammene i gjeldande konsesjon, vurderer NVE det slik at utvidinga ikkje vil medføre behov for ny konsesjonsbehandling etter § 8 i vassressurslova.

NVE påpeikar at det er AS Sævareid Fiskeanlegg sitt ansvar å halde seg innanfor den gjeldande konsesjonen frå 25.11.2010 med tilhøyrande vilkår, og dei krav som følgjer av vassressurslova. Selskapet må vere førebudde på å kunne dokumentere vassuttaket dersom NVE krev det.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Bård Andreas Selstad Ottesen
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Kopi til:

Fusa kommune
FYLKESMANNEN I VESTLAND
Hordaland fylkeskommune
Mattilsynet Region Sør og Vest